

Ny festival i Uskedalen?

29.01.2009



Bør Uskedalen få ein festival til? Saka kjem opp i Dialogforumet 9. februar.

Uskedalen har Festidalen, men bør det startast ein festival til? Magne Huglen har tankar om det og dei vil han dela under neste møte i Dialogforumet.

Det blir halde i Gamleskulen 9. februar og ikkje som opprinnleig bestemt mandag 2. februar.

Grunnen til utsetjinga er at ein ynskjer å ha kommunestyremedlemene frå Uskedalen med på møtet og dei er på gruppemøte mandag fordi det er kommunestyremøte i neste veke.

Prosjektleiar Kristian Bringedal opplyser at det er fleire svært aktuelle og viktige saker som kjem opp 9. februar. Ein av dei er Uskedalen som besøksmål for Folgefonna Nasjonalpark.

Det vidare arbeid i Dialogforumet må også drøftast. Her er det tale om ei omorganisering og saka må førebuast til årsmøtet i Uskedalen Utvikling 25. februar.

Sommarbygda Uskedalen 2009 må planleggjast og som før gjeld det å samordna arrangement slik at det ikkje skjer kollisjonar.

Alle som har planar om større arrangement frå mai til september dette året må difor møta fram.

Av Ola Matti Mathisen